

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2015/1997

2018/EØS/39/01

av 5. november 2015

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES

[meld under nummeret K(2015) 7534](*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktumet og artikkel 6 nr. 5,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽³⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF⁽⁴⁾ er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) Etter at tilsynsteneista til Kommisjonen (Næringsmiddel- og veterinærkontoret (FVO)) utførte ein tilfredsstillande kontroll, kan grensekontrollstasjonen ved lufthamna Brussels South Charleroi i Belgia godkjennast for kategorien andre dyr, særleg for insekt, med fotnoten O(14). Lista over postar for denne medlemsstaten, slik det er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF, bør difor endrast.
- 3) Spania har meldt frå om at to kontrollsentra ved grensekontrollstasjonen ved hamna i Vilagarcía-Ribeira-Caramiñal bør verte éin særskild grensekontrollstasjon ved A Pobra-Ribeira, og at eit kontrollsentra ved grensekontrollstasjonen ved hamna i À Coruña-Laxe bør strykast frå lista over postar for denne medlemsstaten. Lista over postar for Spania i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 4) Etter at kategori U vart stroke frå lista for eit kontrollsentra ved lufthamna Roissy Charles-de-Gaulle, har franske styresmakter modernisert dette kontrollsentret og meldt frå om at moderniseringa er avslutta. Kategori U kan difor førast opp igjen på lista i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF for dette kontrollsentret.
- 5) Etter at FVO utførte ein tilfredsstillande kontroll, kan grensekontrollstasjonen ved hamna i Cagliari i Italia godkjennast for dei kategoriane av produkt som er meinte for konsum (HC), og for andre emballerte produkt (NHC(2)). På grunnlag av ei melding frå Italia bør oppføringa av grensekontrollstasjonen ved hamna i Salerno endrast, og oppføringane for grensekontrollstasjonane ved lufthamnene i Milano-Linate og Verona bør strykast. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 291 av 7.11.2015, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 41/2016 av 18. mars 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 66 av 19.10.2017, s. 1.

(¹) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

(²) TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

(³) TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

(⁴) Kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES (TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1).

- 6) Litauen har meldt frå om at grensekontrollstasjonen ved jambana ved Pagėgiai er vorten lagd ned. Lista over postar for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 7) Etter at FVO utførte ein tilfredsstillande kontroll, kan eitt kontrollsenter ved grensekontrollstasjonen ved Amsterdam lufthamn i Nederland få utvida godkjenninga si til å gjelde alle kategoriar levande dyr, med fotnoten O(14) og kategori U utan restriksjonar. I tillegg har Nederland meldt frå om at kontrollsenteret Vriescentrum Vink Beverwijk BV er lagt til ved grensekontrollstasjonen ved hamna i Amsterdam. Dei to postane i lista for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 8) Det sameinte kongeriket har meldt frå om at to kontrollsenter ved grensekontrollstasjonen ved Heathrow lufthamn er vortne bytte ut med eitt nytt kontrollsenter, og at grensekontrollstasjonen ved hamna i Falmouth er vorten lagd ned. Dei to postane i lista for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 9) I vedlegg II til vedtak 2009/821/EF er det ført opp ei liste over sentrale einingar, regionale einingar og lokale einingar i det integrerte veterinærdatasystemet (TRACES).
- 10) Italia har meldt frå om at det bør gjerast ei endring for denne medlemsstaten med omsyn til den sentrale eininga i lista over sentrale, regionale og lokale einingar i TRACES i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF.
- 11) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 12) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 5. november 2015.

For Kommissjonen
Vytėnis ANDRIUKAITIS
Medlem av Kommissjonen

—

VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

- a) I den delen som gjeld Belgia, vert følgjande post for lufthamna Brussels South Charleroi sett inn etter posten for Antwerpen/Anvers:

«Brussels South Charleroi Airport	BE CRL 4	A			O(14)»
-----------------------------------	----------	---	--	--	--------

b) I den delen som gjeld Spania, vert det gjort følgjande endringar:

- i) Posten for hamna i À Coruña-Laxe skal lyde:

«A Coruña	ES LCG 1	P		HC, NHC»	
-----------	----------	---	--	----------	--

- ii) Etter den endra posten for hamna i À Coruña, vert følgjande post for hamna i A Pobra-Ribeira sett inn:

«A Pobra-Ribeira	ES ZJF 1	P	A Pobra do Caramiñal	HC-T(FR)(3)	
			Ribeira	HC-T(FR)(3)»	

- iii) Posten for hamna i Villagarcía-Ribeira-Caramiñal skal lyde:

«Vilagarcía	ES VIL 1	P	Vilagarcía	HC, NHC»	
-------------	----------	---	------------	----------	--

c) I den delen som gjeld Frankrike, skal posten for lufthamna Roissy Charles-de-Gaulle lyde:

«Roissy Charles-de-Gaulle	FR CDG 4	A	Air France	HC-T(1), HC-NT, NHC-NT	
			France Handling	HC-T(1), HC-NT, NHC	
			Station animalière		U, E, O(14)»

d) I den delen som gjeld Italia, vert det gjort følgjande endringar:

- i) Følgjande post for hamna i Cagliari vert sett inn etter posten for Bologna-Borgo Panigale:

«Cagliari	IT CAG 1	P		HC, NHC(2)»	
-----------	----------	---	--	-------------	--

- ii) Posten for hamna i Salerno skal lyde:

«Salerno	IT SAL 1	P		HC, NHC-T(FR), NHC-NT»	
----------	----------	---	--	------------------------	--

- iii) Postane for lufthamnene i Milano-Linate og Verona går ut.

e) I den delen som gjeld Litauen, går posten for jarnbana i Pagėgiai ut.

f) I den delen som gjeld Nederland, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for hamna i Amsterdam skal lyde:

«Amsterdam	NL AMS 4	A	Aviapartner Cargo B.V.	HC(2), NHC-T(FR), NHC-NT(2)	O(14)
			Schiphol Animal Centre		U, E, O(14)
			KLM-2		U, E, O(14)
			Freshport	HC(2), NHC(2)	O(14)»

ii) Posten for hamna i Amsterdam skal lyde:

«Amsterdam	NL AMS 1	P	Cornelis Vrolijk	HC-T(FR)(2)(3)	
			Daalimpex, Velsen	HC-T	
			PCA	HC(2), NHC(2)	
			Kloosterboer Ijmuiden	HC-T(FR)	
			Blankendaal Coldstores, Velsen	HC-T(FR)(2)	
			Vriescentrum Vink Beverwijk BV	HC-T(FR)(2)»	

g) I den delen som gjeld Det sameinte kongeriket, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for hamna i Falmouth skal lyde:

«Falmouth (*)	GB FAL 1	P		HC-T(1)(3) (*), NHC-NT(1)(3) (*)»	
---------------	----------	---	--	-----------------------------------	--

ii) Posten for lufthamna Heathrow skal lyde:

«Heathrow	GB LHR 4	A	Eurobip	HC(1)(2), NHC(2)	
			Animal Reception Centre		U, E, O»

2) I den delen som gjeld Italia i vedlegg II, vert posten for den sentrale eininga «IT00000 DIREZ. GEN. SANITÀ VETERINARIA E ALIMENTI» bytt ut med følgjande:

«IT00000	MINISTERO DELLA SALUTE — DIREZIONE DELLA SANITÀ ANIMALE E DEI FARMACI VETERINARI»
----------	---